

A photograph of a woman with short brown hair, smiling, sitting on a weathered wooden dock. She is wearing a dark blue turtleneck sweater over a black top, a dark grey skirt, and long, dark grey socks with a ribbed texture. Her legs are crossed, and she is leaning forward slightly. The background is a calm, light blue lake.

UNNI BOKSASP

songar frå Havidal



Å mi musikalske vandring fram til i dag, har Magnhild Almhjell sine songar lyst som trygge stjerner på himmelen. Trygge fordi det er songar på mi eiga dialekt, nordmørsdialekta, og stjerner fordi eg synes kvar song er rørt av Magnhild og gjort til gull. Høgt oppe på himmelen heng dei, fordi Magnhild syng og formar songane sine på ein måte som eg ser veldig opp til. Eg strevar alltid etter å gjere henne etter, slik ein gjerne gjer med dei beste kjeldene.

Men vi er barn og kvinner av kvar vår tid, og dette skin gjennom når vi syng dei same songane på kvar vår måte. Songane lever og seglar vidare frå generasjon til generasjon, slik dei også gjorde før dei vart Magnhild og mine sine. Kvar kvinne som har bore fram desse songane opp gjennom historia, har trekt frå og lagt til sitt eige. Eg er utruleg stolt og takknemleg over å få vera eit ledd i denne historia frå Nordmøre, så sterk og så full av løyndomar...

Denne songtradisjonen er i utgangspunktet ein solotradisjon. Eg har likevel vald å arranger dei fleste av songane. Grunnen til dette er dels eit ønske om å gje melodiane min og samtidas signatur, men det er også eit utslag av ein trong til å eksperimentere: Eg ønska å utvikle eit samspel som i stor grad skulle ta utgangspunkt i tradisjonen sjølv; tonalitet, rytmikk og melodi, framfor eit samspel basert på funksjonsharmonikk. Var det mogleg å skape eit samspel der eg som folkesongar ikkje trong å justere inn songane etter arrangementa, men omvendt? Der eg kunne bevare mykje av den fridomen eg har når eg framfører songane solistisk? Med dette som utgangspunkt har vi prøva oss fram, feila, justert og ikkje minst leika oss. Prosessen har vore utruleg spennande og lærerik, og resultatet kan du høre på denne plata. Håpar det fell i smak!

Unni



Når ein tek av vegen ved bensinstasjonen på Meisingset og køyrr innover forbi Hanemsvatnet, oppover smale grusvegar forbi Skar og rundt Hafstadvatnet, kjem ein til slutt til veggende, og kan sjå lukt ned i Tingvollfjorden. Her oppe ligg Havadalsgardane, med utsikt over fjell og fjord. Oppigarden inni Havadalen var barndomsheimen til Magnhild Almhjell.

Magnhild vart fødd her ein junidag i 1894. Mor hennar, Karen, døydde året etter, og slik vart det til at Magnhild vaks opp hjå besteforeldra Magnhild og Kristoffer Havadal. Av desse to lært

Magnhild storparten av songane som er med på denne cd-en.

Magnhild var ei tøff dame! Skuleflink og belest, omsorgsfull og full av arbeidslyst. Når eg ser på bilder av henne, synes eg eg ser både det vare og det sterke. Ho er ei lita og never dame, men blikket er fast og sikkert. Dette kan ein også høre når ho syng. Det høyrest kanskje lyst og lett ut i byrjinga, men når ein set seg ned og lyttar, har ho ei urokkeleg stilkjensle, ei klar meiningsom korleis songane skal vere og stemmen er fast og intens.

For Magnhild var songen ein naturleg del av kvardagen. Ho såg ikkje på seg sjølv

som ein artist. «Det e nå helst i fjøset at e held konsertan min» sa Magnhild. Rolf Myklebust frå NRK skriv om Magnhild i boka si Femti år med folkemusikk:

Ho framførde melodien og teksten utan dramatisering eller ytre effektar. Songen var ein slektsarv ho formidla vidare, slik at han i grunnen var tidlaus. Songen gav meg eit liknande inntrykk som opplevinga av Edvard Munch sitt målarstykke «Historien» i Universitetsaulaen i Oslo.

I 1966 fekk Magnhild hjerneslag og mista taleevna. Dermed tagna songen

hennar Magnhild. Og eg som vaks opp i nabobygda på 1970-talet hadde ikkje hørt om Magnhild Almhjell før eg flytta til Rauland i Telemark for å studere folkemusikk. Der fekk eg ein kassett med Magnhild. Eg sette på kassetten og vart heilt mållaus av det eg hørde. Ho bergtok meg fullstendig. Og sjølv om eg aldri har møtt henne, er det ingen musikar som har betydd meir for meg enn vesle, vakre, vevre, sterke og store Magnhild Almhjell.

Meir om livet til Magnhild og om songane hennar i boka til Anne Kleivset og Olve Utne: «Songen hennar Magnhild», utgjeve på Buen kulturverkstad.

Så segla vi ut!

Ro ro på fjorn har eg etter Kari Dyrnes og Asbjørg Ås Bakk frå Aure og Ro ro te Siraland etter Einar Ørsal frå Todalen. Eg hektar på kringelhauken til Ingvar Hestnes frå Valsøyfjord til slutt. Han sa det så fint om kringelhauken: «Når'n hadd godt humør, så kunn jo slå tu se ein når'n kom tu slåtteteiga, da veit du.(...) Å det e nå ei gledes-tring, altså. Å ja, gledestring. Det har vi for lite då i dag, veit du.»

Ro ro rekje, båten va ei ekje,
mastra va tå pølsepinne,
segla va tå korveskinn.
Så segla vi ut, så segla vi inn
å kveldan med småbånnå vår.

Ro ro på fjorn, fjorn.
Dra feskjen e snorn, snorn.
Stekk 'en e bekkjen og salt 'n e sekken
og gjør 'en te jul åt ongå.

Ro, ro te Siraland,
femtå kakå å fire mann.
Da vi kom te Siraland
ha vi ikkje matagrann.
Gjekk vi åt ein bakar
og kjøfte stamp å kaker.
Æpple, pære å plomme
putta vi i vår lomme.

Slå tu se = ytre
Korveskinn = pølseskinn
Femtå = femten

Unni: song
Jorun: hardingfele
Ånon: lyre
Magne: bass

Kråkå

Spikkjin satt å hakka,
hakka på stuåtælle.
Svålå ho for å svinga så fint,
lerkå ho for å trippa så nett.
Lita svålå lite kam te jul.
Hei, kar ho Kari skrasla!

Kråkå raka duå drog,
slappe lår, bryllaupstår
firogtuge hesta.
Somme skal gå og somme skal stå,
somme skal sitta på.

Kråkå satt på gardastaur.
Kva du vil med navvara?
Borra hol ti slean.
Kva du vil med slean?
Kjør heim høy åt kunå.
Kva du vil med kunå?
Kva du vil med mjøkjen?
Gjerra mat åt presta.
Kva du vil med presta?
Ler småboinnå å lesa!

Spikkjin = kjøttmeisen
Stuåtælle = stuegolvet
Svålå = svalen
Skrasla = skrattar
Gardastaur = gjerdet
Navvara = navaren
Slean = sleden
Kunå = kyrne
Ler = lære
Småboinnå = småbarna

Unni: song
Jorun: fele, song
Ånon: lutt, song
Magne: bass, song
Henning: trøorgel, song

Kom hit mine venner isom lyster at høre

Teksta til denne visa hadde Magnhild frå Mads Røes «Aandelig Visebog eller Kristelige Sange» som vart trykt i Kristiansund i 1862. På oppnak syng ho berre dei to første versa, men eg tek med det åttande verset til slutt, sidan det er det mest kjende. Opprinneleg er dette ei skillingsvise om ei kvinne som «kom i ulykka». På 1800-talet vart visa plukka opp av sterke pietistiske rørsler på nordvestlandet som forma ho om til ei salme.

Kom hit mine venner som lyster at høre,
jeg vil nu for eder fremføre en sang.
Jeg kaller alle venner som tungen kan røre,
så vel la den klinge som høyere stand.
Min mening den ei er
til nogens besvær.
Enhver må vel sige o vanskelig tide,
jo lenger vi leve, jo lenger jo værr'.

I verden inntrede vi nøgne og spede
ukjente til alt på den slibrige vei.
Ukjente til sorrig, ukjente til glede
betrete vi livets ustadige sti.
O blide ungdomsår
som så hastelig bortgår.
De fagreste dage hensvinder så fagre
så ubeständig er menneskets kår.

Såråder jeg alle i ungdommens dage
at de dog i tide må tenke seg om.
Man kan ikke kalle de dager tilbage,
man kan ikke vite når Gud holder dom.
Når lyset blir utslukt,
og himlens dør tillukt.
Når dagen er omme og natten vil komme
da er det for silde at tenke seg om!

Unni: song
Henning: trøorgel

Stakkels gut

Ei trist vise med utruleg mange vers. Teksta er faktisk skreve av salmediktaren Magnus B. Landstad og kom ut i 1859 med tittelen «Stavangervise».

Jeg er en fattig liten dreng,
har intet hus, har ingen seng.
Min moder lagde seg til ro,
hun ville helst i graven bo.

Min fader har jeg aldri kjent,
min moders hjerte har han brent.
Hon gret så tungt og stirret ut,
og bleknet bort og bad til Gud.

Her går jeg nu for hver manns dør,
Gud vet at jeg det nødig gjør.
Jeg ser så mange glade små,
de gir meg mat og lar meg gå.

Langs denne brede landevei,
den rike herre møter jeg.
Han kjører stolt og glad i trav,
og kan ei høre smådrengs krav.

Når kusken ser meg slår han på,
hans frue vil mitt syn unngå.
En skilling stundom for min pjalt,
og stakkels gut, se det er alt.

Her går jeg nu i mulm og natt,
av alle mennesker forlatt.
Her går jeg hungrig, kald og våt,
og ingen ser min stille gråt.

Unni: song
Ånon: zitter
Jorun: fele
Magne: bass
Henning: trøorgel

Ondt ofte lider den fiskermann

Det var ikkje før etter at eg hadde gått i lære hjå
Hanne Kjersti Yndestad i nokre år at eg fekk
dreisen på denne visa. Teksta er skreve av
Claus Frimann i 1788, og tittelen er eigentleg
«Den norske fisker».

Ondt ofte lider den fiskermann
som ut må fare før hanen galer,
all dagen plaske i kolde vann,
på hjem ei tenke før solen daler.
I våte trøye, snedriv i øyet,
o satt de der, de gullkledte høye! I annet fant.

Dog snart går dagen og allting lett,
når drotten ramler og lodd ei stanser,
og kniv ei hviler på maddingbrett
og fisken opp efter snoren danser.
Da spares arme at bankes varme,
matkisten glemmer de tomme tarme som skrekke
før.

God hustru hjemme ser ut igjen.
Det kvelder tidlig og kold er stuen.
I kroken setter hun rokken hen,
i asken raker, gjør ild på gruven.
Trett opp fra stranden inn stamper mannen,
tre våte trøyer en etter annen han slenger hen.

Så mangt nu tenker den fisker på,
mangt med seg selv han nu monne snakke;
I år skal jorddrott meg lade stå,
i år ei kastes jeg ned for bakke.
Det er ei fare, nu får jeg vare,
i år skal fogden min gryte spar for skatt og toll.

Unni: song
Jorun: fele
Ånon: hardingfele
Magne: bass

Pe Pinkelifot

Ha du sjitt nåkkå te nå Pe Pinkelifot,
også nå Lars Lærånj?
E såg 'en i går, han kjem vel i dag,
han heftast vel på væja.

Klokkan skull te og bøte prestens brok.
Bota var lita, holet var stort,
skjortå vart hengan ute.
Presten gret og klokkan song.
Det var så fin ein julsong!

Sjitt = sett
Nå = han
Heftast = vart forsinka
Væja = vegen

Unni: song

Mannen og reven

Her er balladen om mannen som ville ha revepelsen til før
inni vinterluva si. Den finst i mange ulike variantar i Norden
og eg har spelat han med både nordmenn og svenskar!

Mann han kjaur te tømmerskog
fekk 'en høre reven gol.
Tellemon, tellemon reven gol.
«Vil du selja hua di til før oppunder luva mi?»

«Ikkje rompen rive, ikkje kroppen knive.
Tak så hua når du vil, kroppen vil e hava sjøl.
Så kan du få hua mi til før oppunder luva di.»

Inn kom revens søster, bynt me reven å kviske:
«E trur du ha fått eitt gale sinn!
E kan vel mannen kjenne;
I fjar gikk 'en lunde å stal bort våre onga!
Enno gjer han større harm, stel bort ong' og stikk i barm!
Ikkje får han hua mi til før oppunder luva si!»

Reven te å renne, mann buom spenne.
Reven te å gyte, mann te å skyte.
Hei og hei kor mannen lo, hei og hei me tørt e fot.
«No ska e få hua di til før oppunder luva mi!»

Treia dag i jula satt mann på revskinnsluva.
Hei og hei kor mannen lo, hei og hei me tørt e fot.
«No ha e fått hua di til før oppunder luva mi!»

Kjaur = køyrd
Hua = skinnet
Harm = skade
Treia = tredje

Unni: song
Jorun: fele
Ånon: lutt
Magne: bass

Storsvarten

Springaren vi har hekta i hop med Storsvarten
har vi etter Erik Almhjell, mannen til Magnhild.

Storsvarten var ein fullbra mann,
fast han sat e sorgen.
Smaka det gjor 'n nå alder det grann,
brødmålan låg i korgjen.
Døtre det ha 'n nå fire og fem,
mora ho ått nå alla dem.
Mora var ei dame,
døttrin ut av same.

Tore han var ein drukkin mann,
slo ein skrall ni bordet.
Kjerringa opp frå rokkja sprang,
spor etter ka 'n Tore gjorde.
Galin ha e vore, vær vil e bli,
slik har e vore heile mi tid.
Slik vil e bli te einnes,
slik vil det bli te einnes!

Brødmålan = brødbitane

Ått = eigde

Galin = sint

Vær = verre

Te einnes = til endes

Unni: song

Jorun: fele

Ånon: fele

Magne: bass

Jeg hadde meg en venn

Dette er ein av dei første songane eg lærde etter Magnhild. Visa har følgt meg heile vegen, og har utvikla seg etter kvart som øyret mitt har plukka opp meir og meir av Magnhild sine utallige små detaljer. Eg blir visst aldri ferdig med denne songen...

Jeg hadde meg en venn i mine unge dage,
som aldri fra meg gå så lenge livet vare.
Jeg hadde meg en venn så vel i hjertet gjemt,
som trass vår kjærlighet dog haver meg forglemt.

I mellom deg og meg, der tentes opp en lue,
der tentes opp en ild som blev til daglig plage.
Men hvo kan dempe den, jeg vet meg ingen råd!
Jeg sørger til min død om jeg deg ikke får.

I sted for brudeseng, jeg barselsengen trede.
I sted for sang og spill, jeg hører barnet grede.
I sted for kjærest min, jeg på hans byrde bær.
I sted for kjærlighet, jeg og bedragen blev.

O gi du var hos meg så mange, mange netter
som linden den har løv, som hasslen bærer netter,
som fisken uti sund som sand på havets bunn,
som stjerner uten tal på himlens frydesal.

Unni: song

Jorun: fele

Ånon: oktavfele

Magne: bass

O deilige ungdoms blidsmilende år

Denne songen sto også i «Aandelig Visebog eller Kristelige Sange» av Mads Røe frå Aukra. Kristiansund, 1862.

O deilige ungdoms blidsmilende år,
du lige som duggen for solen bortgår.
Imedens du står i den høyeste flor,
så ligger du ofte nedbøyet til jord.

Så deilig som solen på himmelen står,
er ungdommen udi sin blomstrende vår.
Men lige som skyen for solen fremgår,
der meget imøde for ungdommen står.

St. Petrus har lignet vår ungdommens tid
med sommerens blomster så deilig og blid.
Men lige som blomsterne skifter sin prakt,
vår ungdom omskifter med alderdoms drakt.

Vel er det jeg lever i ungdommens år,
men aldersoms svakhet jeg tenker og på.
Thi om jeg om sommeren blomsterne se,
der kommer dog vinter med kulde og sne!

O verden din glede jeg ligne jo kan,
ustadig endog som det skummende vann.
Den som på deg bygger han er ikke vis,
ustadig er du som den slibrige is.

Som skibet det svæver på bølgerne blå
og stormende vanne de bruse derpå,
så snarlig som skipet i havet mon går,
så snarlig kan ungdommens lykke forgå.

Unni: song

Ånon: zitter

Jorun: fele

Magne: bass

Sulla lulla

Sulla lulla og Kysja roa – desse to bansullane var så fine at Magnhild mest ikkje torde å syngende inn for Rolf Myklebust. Ho var redd stemmen hennar ikkje var klår nok den dagen. «Dem e så fin, sjø», sa ho forsiktig. Teksta på Soa roa relte har eg funne i Edvard Langset sine samlingar.

Sulla lulla litte ban, sulla lulla bane.
Sulla lull lulla lull, lulla lulla bane.

Soa roa relte, kjøpe bane belte,
nye sokka, nye sko,
så skal bane heimatt ro.
Først te far, så te mor,
så ho gamle bestemor.

Bane = barnet

Unni: song

Ånon: lutt

Jorun: fele

Magne: bass

På gulevei

Denne songen hadde eg eigentleg ikkje tenkt å ha med, men etter ein draum innspelingsveka kom eg på betre tankar! Forma er ei blanding av Magnhild og John Røen si – og mi. John var ein særskilt god spelemann og songar frå Surnadal som dessverre døydde alt for tidleg. Men vi har mange fine optak av han, og denne forma av På gulevei er nok meir etter John enn Magnhild.

På gule vei, på gule vei
alla sju döttrin mina.
Alla e så fina, alla e så kvita.
Alla vil nå færre farra,
all så vil dem giftan varra.
Lukk opp porten i østen!
Lukk opp porten i vesten!
Kom det inn ein vakker ungersvenn
med firogførreti hesta.
Hvem er din moder?
Syng på harde toner.
Fem er dine fingre små,
tak gulhuvå og sett ho på.
Ta den øngst!
Ta den eldst!
Ta den du behaga helst,
og lat så mora ho varra!

*Færre farra = reise først
Firogførreti = førtifire
Gulhuvå = den gule luva
Varra = vera*

*Unni: song
Henning: trøorgel*

Bukkjen sto e brynna

«Skal eg kringelhauke, må eg opp til Havdalen», sa Magnhild til Rolf Myklebust, da dei hadde rigga seg til med opptaksutstyr på skulen i Hafstadbygda. Myklebust fekk opptaksbussen til å køyre dei smale, krokete vegane opp til Havdalen, og der vart det hauking. Eg har sjølv kringelhauka på Åkerfallet, og det blir eit heilt spesielt ekko mellom fjella der. Optimale kringelhaukforhold!

Bukkjen sto e brynna
ha eit blad i munna.
Kom ein litin fuggel flygan:
Kvar skal du flyge?
Ut på gulltvåan.
Der sit mennin smia på gullsteinan.
Der står sveinan hempa opp gullfløyen.
Der hoppa harrafot, der dansa liaros.
Der hauka dem alle små drekern borti liå.

*E brynna = i (skog)brynet
Hempa opp = plukkar opp
Gullfløyen = gullflisene
Drekern = jentene*

Unni: song

Kara tu omna

Eg festa meg tidleg ved denne vesle songstubb-en, for det tok ganske lang tid før eg forsto kva Magnhild eigentleg gjorde. Fire små liner som innehold så utruleg mange spennande tonale løyndomar. Eg måtte berre lage han litt lengre, og det vart ein springar av det.

Kara tu omna, kara tu omna,
legg inni kakānj.

Sjå kor dem klomma! Sjå kor dem klomma!
Ta va fær spao.

Kara tu = rake ut av

Kakānj = kakene

Klomma = sprekk

Ta va fær spao = bakespaden har skylda

Unni: song

Jorun: hardingfele

Ånon: hardingfele

Magne: bass

O sommar skjønn

Magnhild sa at denne visa var skreve av «Klokkar-Arn» (Arnt Havidal). Det kan jo hende, men ho finst og i ulike variantar i andre deler av landet...

O sommar skjønn velkommen vær med all din herlighet.

Du bringer meg en hilsen kjær som jeg kan gledes ved.

Når fuglen kveder lystelig og skogen grønnes og blomstrer seg, da fryder jeg også meg.

Når jeg tenker på den tid da vi til sammen kom.

Da levde jeg et herlig liv, var lystig, glad og from.

Men da du fikk meg til din trell, blev gleden borte fra min sjel,

Jeg falt på dårskaps vei.

Livets gleder vinker meg etter til sitt hjem, at snart min frihet nærmer seg, jeg da skal trede frem for livets domstol med min sang, så ekko lyde skal med klang hen over dal og fjell.

Unni: song

Henning: trøorgel

Kysja roa

Gro Kjelleberg Solli fann ein variant av Magnhild sin Ro ro rekje, «Ro, ro eskje», i boka Fosentonar av Bjørn Aksdal. Det er få songar eg har sunge så mykje som desse for å få mine fire aktive guitar til å sovne om kvelden. Og dei virkar – eg lover!

Kysja roa lite ban,
kysja roa bane.
Sulla lull, lullalull,
lullalulla bane.

Ro ro eskje,
båten han va tå fleskje,
Mastra den var ein pølsepinne,
segla dem var tå karva skinn.
Segla vi ut, så segla vi inn,
segla vi åt 'n pappa din
langt, langt borti aska.

Eskje = eske

Fleskje = flesket

Pølsepinne = spekepølse

Unni: song

Jorun: hardingfele

Magne: bass

Unni Boksasp: song

Magne Vestrum: bass, song

Jorun Marie Kvernberg: fele, hardingfele, song

Ånon Egeland: fele, hardingfele, oktavfele, lutt, lyre, song og zitter

Henning Sommero: trøorgel, song

Alle arrangement av Unni og musikarane, bortsett frå Kråkå som er skreve av Unni.

Takk:

Først vil eg takke mine vidunderlege medmusikarar; Jorun, Ånon, Magne og Henning, og min fantastiske produsent, Micke. Ein stor takk til familie og vener som alltid støttar meg i arbeidet mitt. Takk til Aaste og Anne for lån av hus, Gunhild og Siri for lån av klede, Helge Husby for scanning av bilder, Mary Almskår Sørensen og Tingvoll kommune for bilder av Magnhild, Ann Kathrin som datt i sjøen, alle karane i Ta:lik, Fridtjof for lyd, Eva for design og Kari for bilder. Takk til alle som har støttet meg økonomisk. Takk til Knut, Anders, Hølje og Johannes fordi dei orkar å høre på alle songane mine kveld etter kveld. Men den største takken er til Ola Nub. Takk for at du alltid har trua på meg og hjelpt meg fram.

Produsent: Mikael Marin

Ide, prosjektleiing og tekst: Unni Boksasp

Innspela: Musikkloftet, Oslo 10.–13. Oktober 2007

Miks i Gjøkeredet studio

Mastra i Stripe Audio

Lydtekniker: Fridtjof A. Lindeman

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Fotograf: Kari Løvaas

Stylist: Ann Kathrin Gloppe

Engelsk oversetjing: Ola K. Berge

Booking:

unni@boksasp.no

+ 47 99 00 62 51

www.boksasp.no

Utgjevinga er støtta av Norsk kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Straumsnes Ungdomslag, UL Ottar Birting, nordmørskommunane Tingvoll, Gjemnes, Kristiansund, Surnadal, Averøy, Aure og Rindal, Tinn kommune, Nordmøre Ungdomslag, Nordmøre Mållag og Halsa brannkasse.

On my ongoing musical journey, Magnhild Almhjell's songs have always been shining like stars. Both because they are comforting in their familiar use of our mutual local dialect, but also because every song is touched by Magnhild and turned into shining gold.

I always strive to do as much as possible of what she does in her songs – the way singers often do with their most precious sources. Still, musicians live in the present, and this will have to be reflected in the way we express ourselves, everybody in their own way. These songs have been passed on from one generation to the next – they were given to Maghild, as they have been given to me. I feel proud to be a link in this chain, this history of women expressing themselves; so strong and so full of secrets...

The songs were traditionally sung a capella. I have tried to carefully adopt them into an ensemble format, both in order to give them my personal signature and as an effort to give them more of a contemporary relevance. I hope you enjoy it!

Unni

Så segla vi ut! **Off we sail!**

A mix of three children's songs and one herding call "kringelhauk". The three songs all tell stories about life along the Norwegian coast.

Kråkå

The crow

A short children's song that is not that short any more. As many such songs the lyrics are just a play with words and metaphors, and don't make any real sense.

Kom hit mine venner som lyster at høre

Come here my fellows who want to listen

This is one of many Christian songs with an irreconcilable and condemning moral in the tradition. I'll have to live with it, because the melody is wonderful!

Stakkels gut

Poor boy

A sad, sad song where the Norwegian name says it all: Poor boy. Countless verses describe in detail the unlucky fate of this poor orphaned boy.

Ondt ofte lider den fiskermann

A fisherman's suffering

I was singing this song for a while without anything happening, and it wasn't until I met with Hanne Kjersti Yndestad that I got a grip of it. It's about the Norwegian fisherman, and it's really a fisherman's blues...

Pe Pinkelifot

This children's song is about a man called Pe Pinkelifot.

Mannen og reven

The man and the fox

This is the ballad about a man who wants fox fur in his winter hat. He tries to bargain with the fox, gets turned down by a rather suspicious fox, and ends up shooting it with his bow and arrow.

Storsvarten

A sleazy fellow

The tune paired up with the song "Storsvarten", is a traditional fiddle tune that we have learned from a recording with Erik Almhjell, Magnhild's husband. The song is about the dangers of marrying a playboy.

Jeg havde mig en venn

I once had a friend

This is one of the first songs that I learned from Magnhild's repertoire. It's been with me all along developing all the time, as I picked up more and more details. And it never seem to finish... It's a love song of course!

O deilige ungdom

Oh wonderful youth

A bittersweet song about youth – acknowledging its joys but carefully reminding about how fleeting it is...

Sulla lulla

Two lullabies. And the two most beautiful they are. I use them on my own four little boys – they work!

På gulevei
Golden roads

This children's song is a mix of two slightly different sources. Magnhild of course, but the main source this time is John Røen. John was an excellent singer and fiddle player from Surnadal, and I got this from one of several really nice recordings.

Bukkjen sto e brynna og Kringelhauk

The goat stood by the forest and Kringelhauk

A kind of a prelude, always preceding Magnhild's herding calls "Kringelhauk". When the Norwegian Broadcasting Corporation wanted to record this herding call on Nordmøre 1965, Magnhild insisted on bringing herself, the journalist and a big recording truck way up in the mountains where the conditions for this special singing were perfect...

Kara tu omna

Clean the oven

This tiny melody puzzled me for a long time, because of the intriguing rhythm and tonality. In order to prolong the fun, I made a "springar" to accompany it.

O sommar skjønn velkommen vær

Oh be welcome lovely summer

A song about sad love and traitorous women.

Kysja roa

Two children's lullabies – the last one with a nice maritime twist.

